

# Kyrkje— bladet

Nr. 1/23  
INFORMASJON  
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



**No startar den store gjevarkampanjen!**  
**"Saman om barne- og ungdomsarbeid"**

S. 3-10 – BLI FAST GJEVAR I DAG

- SIDE 12 -

KYRKJEVALET 2023

- SIDE 14 -

INTERVJU MED  
SOKNEPREST PER HJEMDAL

- SIDE 16 -

KONFIRMANTANE 2023

# Kyrkjebladet

LEIAR

Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 4 gonger i året og kostar kr 300,- pr. år. For utanbygds: kr 350,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk utforming:**  
Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidebilete:** Ungdomskoret Lukas TenSing syng i Fjell kyrkje

**Foto:** Jan Ragnvald Torsvik

**Trykk:** RKGrafisk AS



**Bankgiro**

**Kyrkjebladet:** 1503.84.37590

**Vipps**

**Kyrkjeblada i Øygarden:** 736342



**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Kyrkjebladet: 2. mai

 **DEN NORSKE KIRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 09.30–14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:**  
1506.35.46523

**Jorunn Gjersvik**

Soknerådsleiar i Fjell



## Du høyrer til her! Det er di kyrkje!

Fjell kyrkjelyd femner om eit stort geografisk område frå Øyane, Vestsida, Knappskogkrinsen til og med Bildøyna. Under pandemien var det restriksjonar. Vi var redde og kyrkjebesøket gjekk ned. No har vi fått vaksine, og veit meir om korleis covid smittar. For første gong på tre år har vi hatt julefest i Fjell kyrkje! Sist helg hadde vi T9 trusopplæringsdag for 58 niåringar. Tårnagentane utforska kyrkja, og fekk læra og kjenna meir av kristen tru. Dei tok også del i gudstenesta sundag. Foreldre og besteforeldre var med. Det vart ei festgudsteneste som vi feira saman.

Eg gler meg over at niåringane og foreldra deira kjem til kyrkja og får del i den gode, frigjerande, kristne bodskapen. Eg gler meg over dei mange foreldra som kjem og vil døypt borna sine, og over alle dei fantastiske konfirmantane dette året.

Men eg lurer likevel på kvar dei mange som bur i området til Fjell kyrkje er, og særleg dei mellom 40 og 60. Kva er det som gjer at det er berre nokre som kjem og søker fellesskap i kyrkja av alle dei ca. 7000 som høyrer til? Held det enno tak i oss at vi ikkje bør møta mange?

Du som er «innflytta», det er dei fleste av oss, det er di kyrkje også. Du som var ivrig med i TenSing og ulike ungdomsarbeid. Det er di kyrkje framleis. Du som ikkje er døypt, men har lyst å finna ut meir. Du er hjarteleg velkommen. Du som meiner kyrkja burde arbeide annleis er velkommen! Det er val til sokneråd 11. september. Fjell kyrkjelyd ved nominasjonskomiteen vil ha inn framlegg på namn til nytt sokneråd frå no og til utgangen av mars månad. Vi har bruk for fleire hender og hovud i kyrkjelyden. Fjell sokn er også MANGE UNGE. Dei er kyrkja nett no – og kyrkja i åra som kjem. Difor vil vi gjera ein særleg innsats for dei framover. I år ber vi difor om særleg støtte til den nye GJEVARTESTA: «Vi har ein ungdomsarbeidar».

Livet er mangslunge, og ikkje beint fram etter nasen.  
Ein kan prøva kven som vil.

Same korleis livet er, er du velkommen i kyrkjelyden. Det som er godt, kan spreia til mange, og det som er vanskeleg kan bli lettare når vi snakkar saman eller berre er i lag sosialt på kyrkjekaffien, onsdagsbøn eller kveldssamling.

I Johannes 3.16 står det: For så elsa Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Dersom du synest det er vanskeleg å tru, eller ikkje trur «nok», så står det i Martin Luthers katekismus: etter den 3. artikkelen om trua: Det er: Jeg tror, at jeg ikkje af min styrke eller fornuft kan tro på KRISTUS eller komme til Kristus, min herre; men det er den Hellige Aands gjerning.....

Du og eg får koma som vi er.

# Innhald

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET VÅRT .....	4-5
SONGKORA VÅRE .....	6-7
UNGDOMSARBEIDET VÅRT .....	8-9
HELSING FRÅ SOKNERÅDSLEIARANE .....	10
KYRKJEGALET 2023 .....	12
NYTT FRÅ KYRKJEKONTORET .....	13
"VI ER FJELL" INTERVJU MED PER HJEMDAL .....	14-15
KONFIRMANTANE 2023 .....	16-17
GLIMT FRÅ T-DAGEN .....	18
GUDSTENESTEOVERSIKT OG LIVETS GANG .....	22-23

ARBEIDET BLANT BARN OG UNGDOM I

LANDRO, FJELL OG FOLDNES SOKN SKAL STYRKJAST.

## No startar gjevarkampanjen vår

” Saman om  
det viktige  
barne- og  
ungdoms-  
arbeidet vårt.

### Viktig arbeid

Kyrkja i Øygarden ønskjer å vere ein viktig arena for barn og ungdom i nærområdet vårt.

Kyrkja får tilskot frå kommunen

til kyrkjelege tenester og frå bispedømerådet til trusopplæring. Andre aktivitetar vert støtta av midlar kyrkja får inn frå gjevarar.

Vi ønskjer å styrke og sikre det gode barne- og ungdomsarbeidet vi har, og



har difor starta ein kampanje for å få fleire faste gjevarar i sokna.

### Skattefrådrag

Gåver til Den norske kyrkja gjev rett til frådrag i inntekta før skatt. Ein føresetnad for at soknet skal

innrapportere til likningskontoret, er at fødselsnummeret er oppgitt.

### Vil du vere med?

Du bestemmer sjølv måten du vil gje på, vi vil oppfordre til å bruke autogiro. På heimesida til kvart sokn finn du lenkje til skjema for å opprette autogiroavtale for gjevarteneste. Dette er ein enkel og trygg måte å gje pengar på, både for deg og for

oss. Det ligg også papirskjema for autogiroavtale i kyrkjene.

Vi håpar du ser verdien av det arbeidet sokna gjer for barn og ungdom, og kan tenkje deg å støtte opp om dette!

# Barne- og tweensarbeidet vårt

Kyrkja i Øygarden ønskjer å vera ein viktig bidragsytar i arbeidet for å skape eit godt oppvekstmiljø for våre barn og unge. Det finst ulike tilbod i kyrkjene våre, og dette kan du lese om her.



Arbeidet spenner frå babysong til ungdomsklubb, og ein kan finne noko for alle aldersgrupper.

Det blir drive i samarbeid mellom kyrkjeleg tilsette og frivillige.

For kyrkja er det viktig at vi har trygge møteplassar der ein blir sett, opplever meistring og byggjer gode relasjonar i eit godt fellesskap saman med andre barn og vaksne.

## «God nok»

I det nyoppstarta prosjektet "God nok", vil Landro kyrkjelyd i samarbeid med Landro skule bidra inn i arbeidet med livsmeistring for barn på mellomtrinnet. Vi ønskjer å styrka barna si psykiske helse og gi dei gode verktøy for å meistra ungdomstida.



Våren 2023 startar vi med:

- Jentegrupper og gutegrupper som diakon og helsesjukepleiar skal ha i skuletida. Her vil vi ta opp aktuelle tema innan psykisk helse.
- «Etter skuletid» i kyrkja og kyrkjhagen der vi har måltid, aktivitetar og aktuelle tema.

Vi har Kirkerådet i ryggen inn i prosjektet "God nok".

## Tweens

Cirka annankvar fredag kveld kl. 19.00-21.00 møtest tweensarar (5.-7. klassingar) til tweensklubben i Fjell. Der er ulike aktivitetar, leik, andakt, kiosk og quiz.



## Søndagsskule

Det er søndagsskule i alle tre kyrkjene, i litt ulik grad. På søndags-skulen får borna bli kjend med bibelhistorier, vi syng saman og har ulike aktivitetar. Arbeidet blir drive av frivillige medarbeidarar.

## T-dagar

T-dagane er trusopplæringa for barn og unge 0-18 år! Alle døypte blir invitert til éin dag kvart år med fellesskap og aktivitetar, bibelforteljingar og undervisning, leik og livstolking. I fjar var heile 1.250 barn og unge i Fjell, Foldnes og Landro med på ein T-dag! Nokre gonger blir T-dagar arrangert i den lokale kyrkja, og ofte samlast vi alle saman i anten Fjell, Landro eller Foldnes kyrkje.



T-dagen ynskjer å nå flest mogleg barn og unge med best mogleg opplæring i den kristne trua. Trusopplæringsteamet, saman med mange frivillige og tilsette medarbeidarar, er ansvarlege for å arrangere T-dagane.

Visjonen er å vere ei raus og tydeleg kyrkje der dei unge får hjelp til å leve livet i tru, håp og kjærleik.

## Lillelørdag

Lillelørdag er eit tilbod for 5.-7.klasse med fokus på fellesskap, leik og aktivitetar, både inne og utandørs. Samlingane er i Foldnes kyrkje ein onsdag i månaden kl. 18.00-20.00, og ein avsluttar kveldane med andakt og noko å ete.





# Songkora våre

Vi har eit variert korliv for barn og unge i kyrkjene våre.

## Babysong

I alle kyrkjene våre tilbyr vi babysong i samarbeid med KFUK-KFUM Åpen barnehage Øygarden.



Foto: Bo Mathisen

Gjennom rytme, song og musikk vert heile mennesket engasjert, uavhengig av alder. Ein treff andre foreldre/føresette i same situasjon, og ein får knytte nye kontaktar. Song og musikk skapar også gode augneblink saman med barnet.

På samlingane får du tips om korleis du kan bruke song og musikk i kvardagen med barna dine, og du vil få råd om korleis du kan gje barnet trusopplæring gjennom song og musikk.

## Barne- og teenskor

I Fjell kyrkje har vi barnegospelkor for aldersgruppa 4-9 år (til og med 4. klasse).

Koret deltek på konserter og er med på familie- og T-dagsgudstenester. Koret har ofte felles koravslutning med Landro barne- og teenskor.

I Landro kyrkje er det barnekor for 1.-4. klassingar. Dei syng, leikar og et litt saman og avsluttar alle øvingane med lystenning i kyrkja



Det er også teenskor for tenåringar i alderen 13-18 år i Landro. Dei syng og komponerer songar.

Barne- og teenskoret bidreg med song på T-dagar og

familiegudstenester. På vårhavåret reiser dei enten på "Korifokus" i Nordhordlandshallen eller arrangerer konsert sjølv.

## Lukas TenSing

Lukas TenSing er for ungdom frå 8. klasse og oppover. Gjennom kor, dans, drama, band, lyd/lys, programskaping, miljø- og styre-arbeid får ungdomane utfolde seg kreativt og prøve ut ulike sider ved seg sjølv. Dette skjer i eit trygt og

inkluderande miljø med ungt ansvar og vaksent nærvær.



For meir informasjon om kora, sjå nettsida til Øygarden kyrkjelege fellesråd.

# Ungdomsarbeidet vårt



## FUNK – for ungdom i kyrkja

Kyrkja skal vere ein stad der ungdom kan vere seg sjølve, der dei kan få nye vener, der det er trygt å vere, der det er vaksne som lyttar og er til stades og der dei kan bli betre kjend med Jesus og vekse i trua på han. Enten ein ønsker å vere ein del av eit fellesskap som møtast jamleg eller har lyst til å vere med på nokre arrangement innimellom, så har FUNK eit tilbod for ungdommar!

## Landroklubben

Landroklubben er ein viktig og trygg møteplass for ungdom på fredagskveldane. Saman med faste, gode vaksne medarbeidarar møtes

vi til mat, samtale, andakt, biljard, bordtennis, dataspel og andre spel.

Landroklubben er for ungdom frå 8. klasse, og er på utvalde fredagar kl. 18.30-21.30

## Ungdomslørdag

Det er Ungdomslørdag annakvar laurdag kl. 19.00-23.00 i Foldnes kyrkje. Alle ungdomar frå 8. klasse og oppover er hjerteleg velkomne til ein kveld med måltid, aktivitet, konkurrsar, chill, andakt og god stemning!

## KM Action

I Action opplever vi alt det gode livet i friluft har å by på. Gjennom Action blir ungdommane oppfordra til å

sjå og ta ansvar og får bli kjent med nye sider ved seg sjølve. Action har som mål å vere et ope fellesskap der alle kan kjenne at dei hører til og er trygge.

## LED – leiartreningskurs for ungdom

LED er eit leiartreningsopplegg for 10. klassingar kor du får innføring i kyrkja sitt ungdomsarbeid, lærer om kommunikasjon, samarbeid og organisering, kristen tru, leiaransvar, deg sjølv og andre.



## ULF – ungdomsleiarforum

ULF er ein inspirerande møteplass for deg over 16 år, og som har, eller ønsker å ha, leiaroppgåver i kyrkja. Leiaroppgåver kan vere så mangt: Medarbeidar i søndagsskule, barnekor, Ungdomslørdag, leir, T-dagar, gudsteneste, forsanger, tekstlesar, kyrkjevert, musikk, Tweens, KRIK, andakt/vitnesbyrd, bibelgruppeleiar, starte noko nytt.

## Basecamp

Ein stad for alle, med rom for den einskilde! Basecamp er eit samarbeidspospekt mellom kyrkja, kommunen og kjøpesenteret. Det er eit førebyggjande tiltak

for ungdom mellom 13 og 25 år på Sartor Storsenter i Øygarden kommune. Målgruppa er ungdom som oppheld seg mykje på Sartor Storsenter og ikkje deltek i organisert ungdomsarbeid.

## Konfirmasjon

Alle ungdomar er velkomne til konfirmasjon i kyrkjene våre!

Om ungdomar trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller berre er nysgjerrig, så er dei hjarteleg velkomne som konfirmantar. I konfirmasjonstida får ungdomane sjansen til å utforske viktige spørsmål saman med andre – uansett kva utgangspunkt dei har. Dei får mange gode og nye opplevelingar

anten det skjer i gruppe, på leir, i gudstenestene eller på aktivitetar, og dei får lære meir om Gud og seg sjølve. Konfirmantåret startar i september med T14-dagen og varar fram til konfirmasjonane i mai.



Konfirmantteamet gler seg alltid til nytt konfirmantår og håpar å bli kjend med nye tenåringer!

# No startar den store gjevarkampanjen!

## "Saman om barne- og ungdomsarbeid"



**Jorunn Gjersvik**  
Soknerådsleiar i Fjell

Bli gjevar her



kyrkja.no/fjell

### FJELL KYRKJE

Døyp dei og lær dei, står det i Misjonsboden. Vi ønskjer å styrke barne- og ungdomsarbeidet i Fjell sokn. Babysong, barnekor, søndagsskule, konfirmantarbeid og Tweensklubb er viktige reiskapar for å forkynna Guds ord. I Tweensklubben møtest til dømes 20 til 80 barn og unge jamleg i Fjell kyrkje (5.-7. klasse samt 8. klasse og oppover). Vi har flotte Tweens'arar som vi vil satsa på!

Ungdommen er framtida for å nå fleire med Guds ord og utrusta dei til teneste. Barn og unge i dag er neste generasjon sine vaksne. Dei skal føra den kristne arven vidare.

Som kyrkjelyd vil vi styrke arbeidet mellom barn og unge - også økonomisk. Difor dreg vi i gang Aksjon gjevarteneste for å støtte dette arbeidet. Målsetjinga vår er kr 120.000 pr. år ekstra til barne- og ungdomsarbeidet i Fjell. Viss 35 personar teiknar seg for kr 300 fast pr. månad, når vi målet og vel så det.

Meld deg på og bli fast gjevar i dag, du også – vi treng deg!



**Tove Karin L. Angeltveit**  
Soknerådsleiar i Landro

Bli gjevar her



kyrkja.no/landro

### LANDRO KYRKJE

Vi har mange utfordringar i ungdomsmiljøet i nærområdet vårt. Skal vi klare å skape eit trygt og godt oppvekstmiljø, krev det innsats av både offentlege og private aktørar. Vi i Landro kyrkje ønskjer også å vere med på dette arbeidet. Vi ønskjer å skapa trygge møteplassar der barn kan oppleva eit godt fellesskap, byggja trygge, gode relasjoner til andre barn og vaksne, samt erfara meistring.

I mange år har vi hatt korarbeid og ungdomsarbeid, og vi ser at det er viktige arenaer for mange. No ønskjer vi å styrke og vidareutvikle dette arbeidet for å kunne gi våre barn og unge ei betre framtid.

Denne våren startar vi også opp eit prosjekt, «God nok», som har fokus på barn og unge si psykiske helse. (Les meir om «God nok» her i bladet og på nettsida vår.)

Saman kan vi løyse utfordringane! Du kan bidra ved å bli fast gjevar!



**Per Helge Refvik**  
Soknerådsleiar i Foldnes

Bli gjevar her



kyrkja.no/foldnes

### FOLDNES KYRKJE

I Foldnes kyrkje er det mange barn og unge innom i løpet av ei veke. Vi ønskjer at kyrkja vår skal vere ein god og trygg plass for barna våre å møtast, der dei kan vekse som menneske og lære om den kristne trua.

Kvar måndag har Lukas TenSing øving i kyrkja. Ein onsdag i månaden er det Lillelørdag, og annankvar laurdag er det Ungdomslørdag. I samband med gudstenestene er det som regel søndagsskule for dei minste barna, og søndagsring for dei litt eldre barna.


I fjor haust fekk vi attende kjellaren i kyrkja. Denne har kommunen til no nytta som barnehage. Vi held i desse dagar på å innrei kjellaren, og denne skal nyttast til å styrke barne- og ungdomsarbeidet vårt.

Som fast gjevar kan du vere ein viktig medarbeidar for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja vår!



# Aksjon Godheit for 9. gong

– Fordi vi trur at "Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda".



Godheitsaksjonen 2023 vert arrangert av kyrkjelydane Saron, Metodistane, Fjell, Foldnes, Landro og Sund tysdag 23., onsdag 24. og torsdag 25. mai - kvar dag kl. 17.00-20.00.

## Vi tilbyr gratis assistanse med oppgåver som til dømes:

- husmaling og husvask utandørs (maks 3-4 m over bakkehøgd)
- plenklipping / hekklining / hagerydding
- baking + utdeling av bolleposer
- bilvask på P-plassen ved Fjell kyrkje
- andre liknande oppgåver

Vi prioriterer hjelp til eldre / einslege forsørgjarar / innvandralar, men også andre kan melde inn ønske ved å ringje kyrkjekontoret i Øygarden på tlf. 400 03 316 eller sende e-post til post.oygarden@kyrkja.no. Viss du har lyst til å delta som medhjelpar, kan du melde deg på same stad.





# vil du ha eit godtråd?

Still til  
sokne-  
rådsval.

## Det er mange grunnar til å stille til val til soknerådet. Her er ti av dei.

Som representant i soknerådet vil du få høve til å:

- bruke talenta dine
- få nye relasjoner i nærmiljøet
- jobbe saman med andre – for andre
- vere med på å formidle kristen tru
- dele og diskutere dine standpunkt med andre
- sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- legge til rette for at kyrkja vert ein viktig kulturarena
- bidra til at kyrkja er open for alle
- gjere lokalmiljøet ditt betre
- bli betre kjent med deg sjølv

Dersom du ønskjer å stille til val, ta kontakt med nominasjonsnemda i soknet du hører til innan 15. mars:

Fjell sokneråd: Torbjørn Fjøren,  
torfjo@gmail.com

Foldnes sokneråd: Kjell Fyllingen,  
kjellfy@gmail.com

Landro sokneråd: Odd Angeltveit,  
od.ang36@gmail.com

## Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda til forsamlinga der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvane og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange tema – m.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, og dessutan jus og økonomiforvalting.

Her er nokre døme på soknerådets ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har 4–10 medlemmar. Medlemmane har ulik utdannings- og

yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Soknerådet møtest 2–5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

**Kyrkjevalet finn stad (10.) 11. september 2023, med digital og fysisk førehandsstemming frå 10. august. Val av leke medlemmer av bispedømeråd og Kyrkjemøtet finn stad samtidig med soknerådsvalet.**

## Kunngjering om krav til listeforslag ved val til sokneråd

På vegne av valstyra i Fjell, Foldnes og Landro sokn, kunngjør kyrkjeverja krav til listeforslag ved val til sokneråd. Krava er heimla i reglane for kyrkjeval § 7-1.

Listeforslag blir lagt ut til ettersyn etter kvart som dei kjem inn. Godkjente vallister vert kunngjort på nettsida

**Les meir på  
[kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet](http://kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet)**

Kyrkjeverja i Øygarden

## Nye festeavgifter i Øygarden kommune

Det er nye festeavgifter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2023. Kommunestyret i Øygarden gjorde vedtak om avgifter i møte 15. desember 2022.

Alle busette i kommunen har rett på fri grav i ein periode på 20 år frå gravleggingsdatoen.

Dersom ein tek ut ei grav ved sida av (festar ei grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag.

Det er ikkje mogeleg å slette ei grav i ein dobbel gravstad.

Busette utanfor Øygarden kommune må betale festeavgift frå første dag om dei vert gravlagt i Øygarden. Slik gravlegging skjer etter grunngiven søknad til kyrkjeleg fellesråd.

Dette er festeavgiftene i Øygarden for personar med bustadadresse i kommunen:

Avgift for feste/leige av grav etter fredningstida for 1 år	Pris kr.
Festeavgift urnegrav/barnegrav	440,-
Festeavgift kistegrav	630,-
Festeavgift for urnegrav i namna minnelund	170,-

Avgift for leige/festegravstad	
Festeavgift 20 år Kistefestegravstad (dobbelgrav)	12 300,-

Festeavgifter etter friperioden	
Avgift for urnegrav 5 år	2 200,-
Avgift for enkel kistegrav 5 år	3 150,-
Avgift for dobbel kistegrav 5 år <sup>1</sup>	3 150,-
Avgift for anonym urnegrav 5 år	500,-
Avgift for urnegrav i namna minnelund 5 år	850,-
Avgift for barnegrav 5 år	2 200,-
Festeavgift graver over 60 år 1 år	1 025,-

<sup>1</sup>Vert rekna som ein gravstad

Festeavgifter vert fakturert kvart 5. år.

Sjå også vår nettside: [www.kyrkja.no/oygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/oygarden/gravferd) for meir detaljert informasjon.

Annlaug Børve  
Kyrkjeverje

 DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Kjeldesortering på gravplassane

Frå 1.1.2023 er det nye reglar for kjeldesortering, plast skal sorterast ut.



Det blir plassert ut eigne spann for plast der ein kaste plast som ikkje er skitten. Før ein kastar blomsterpotter, må dei vaskast.



Foto: Vigleik Brekke

### Julehelsing til kommunestyre

På budsjettmøte til Øygarden kommune er det blitt ein tradisjon at Maria Tveten som er sokneprest i Foldnes kyrkje kjem med ei julehelsing til kommunestyret. Kyrkja har lang tradisjon med å vera ein viktig kulturberar blant folket som bur her ute ved havet.

I 2023 er det bevilga i overkant av 32 mill. kroner til drift av alle kyrkjene og anna ulikt arbeid kyrkja driv i kommunen. I tillegg vart det løyvd 1,4 mill. kroner til varmestyringsanlegg og varmepumper, og 17 mill. kroner til rehabilitering av ærverdige Fjell kyrkje. Til saman har Øygarden kommune løyvd 39 mill. kroner til denne rehabiliteringa.



# "Vi er Fjell"

Per Hjemdal har no vore sokneprest i Fjell kyrkje i snart fire månader og byrjar å kome seg på plass. Han flytta frå Etne til Øygarden i oktober, etter å ha vore sokneprest der i 12 år.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

## Hektisk start

Han og kona kjøpte seg hus på Litlestrøa og fekk med seg den yngste sonen på 16 år på flyttelasset. – Den første tida av overgangen var hektisk. Eg mista mora mi akkurat rundt den tida og det vart mykje reising opp og ned til Sørlandet, fortel han. – Sorg og dødsfall fører til ein reaksjon som ein ikkje har heilt kontroll over, seier Hjemdal. Han kunne mellom anna fortelje om konfirmantane som fekk oppleve to like undervisningstimar om nattverd. – Det var ikkje før timen var over at nokon sa at dette var andre gongen eg hadde gjeve dei smaksprøve på oblat og altervin, ler soknepresten.

## Renovering av kyrkja

Hjemdal er spent på kva tida med renovering av Fjell kyrkje vil føre til. – Fjell verkar som ein spanande kyrkjelyd, og mange har eit tett og godt forhold til kyrkja si. Per kan fortelje at som nyleg tilflyttar har han spekulert på kor er sentrum til Fjell? Her er det mykje spreitt busetnad, skular og barnehagar. –Sjølv om identiteten til kyrkjelyden er sterk,



blir det spanande å få skape ein identitet utan tilgang til sjølve kyrkja, og sei at «vi er Fjell». Vi må nok tenkje litt offensivt, men også ta det ein dag om gongen.

## Større stab

Å komme til ein stor stab var noko av det som påverka Hjemdal til å søkje på stillinga som sokneprest i Fjell. – Det å få jobbe med andre yrkesgrupper i kyrkja, som diakon og eigen konfirmantansvarleg

verka spanande, seier Hjemdal smilande. Men samstundes merkar han framleis etterverknadane etter kommunemanslåinga i 2020 og pandemien. –Arbeidsmåtan i kyrkja er ikkje heilt satt. Men, ting er i ferd med å komme på plass, og som ny kan eg vere med å vidareforme denne vegen, seier Hjemdal optimistisk.

## Instagram og presten\_per

Nokre har kanskje sett Per Hjemdal før, han har ein Instagram-konto der han publiserer historier frå kyrkja og Bibelen. – Eg var med på eit kurs om sosiale medium og der spurte dei kvifor vi var der og kva vi ville? Og då gjekk det opp for meg at eg har verdas beste historie å fortelje! Bibelen og kyrkja har så mange unike historier, fortel Hjemdal engasjert. – Visste du for eksempel at kyrkjeklokkene var opphavet til brannbilane sine sirener? Frå gamalt av var det klokkene som varsla om det skjedde noko. Det er kjekt å kunne fortelje slike historier via videoar og godt humør!



# Konfirmantar 2023

## FJELL KYRKJE

### 29. APRIL KL. 10.30

Marie Bergsvik  
Helene Bergtun  
Jakob Bergtun  
Ingrid Sofie Dale  
Kasper Johan Elvebakk  
Maia Fauske  
Carolina Fjeld Fretland  
Leah Marie Ebbesvik Gustafsson  
Markus Thorkildsen Jakobsen  
Oline Kaalaas  
Mathilde Habbestad Nesse  
Roald Nordvik  
Kristian Nygård-Skoge  
Sunniva Storli  
Malin Særsten  
Amalie Kleppe Ulveseth  
Milla Brettvik Wisnes

### 29. APRIL KL. 12.30

Anna Bakke  
Madelen Ekerhovd Eines  
Karl Kerekes Elstad  
Alvin Engan Elverum  
Tord Erstad  
Magnus André Fjeld  
Lukas Svea Hauge  
Marius Ulvenes Kleppe  
Elise Sørhus Linge  
Noah Låstad  
Samuel Mellingen-Haugland  
Julie Søviknes Nesbø  
Nathalie Paulsen Nåmdal  
Svein Andre Skråmestø Ulveseth  
Andrine Bergh Vågenes  
Tuva Ystebø-Ellingsen  
Martin Enrico Strand Ørn  
Anna Mathilde Aase  
William Hustig-Lund

### 30. APRIL KL. 10.30

Håkon Gram  
Stine Gram  
Natalie Henne  
Henrik Martin Høgh  
Magne Isachsen-Andreassen  
Kasper Dale Jentoft  
Julie Marie Kallestad  
Øistein Nydal Kolstad  
Emma Louise Sekkingstad Larsen  
Steffen Dale Larsen  
Emilie Mikkelsen-Spjeld  
Mathias Morland  
Tuva Emilie Nybakk-Skjold  
Mads Tysse Stokkeland  
Adrian Hjartøy Strandheim  
Jone Sebastian Bergseth Sviggum  
Andreas Soot Sæbjørnsen  
Sæbjørn Løvberg Sæbjørnsen  
Emilie Tvedt Tjelle  
Anna Ovidia Young  
Jenny Grimeland Furenes

### 30. APRIL KL. 12.30

Emilie Algrøy  
Emma Kjærgård Amland  
Emil Bergtun  
Maria Helle Blom  
Odin Leander Bjarnoll Brendøy  
Simen Sørensen Danielsen  
Jessica Maria Edgren  
Sebastian Sekkingstad Eide  
Amalie Mathiassen  
Andreas Burke Romarheim  
Nils Olav Solsvik  
Amalie Stusdal  
Jan Erik Turøy  
Luka Aaker

6. MAI KL. 10.30

Caroline Bildøy  
Solveig Bjerke Bjarland  
Alexandra Kolltveit Bowitz  
Madeleine Bøtter-Brevik  
Frida Lotta Saarinen Furheim  
Rebecca Lind Hatland  
Julian Økland Henriksen  
Celine Tveit Husby  
Thea Magrethe Larson  
Aleksander Toft Ledang  
Synne Margrethe Lie  
Stian Mathiassen  
Leandra Tøkje Nyborg  
Oline Langeland Risa  
Åsmund Svennevik  
Tobias Torsvik  
Edward Aurdal Undal  
Chanice Wairimu

6. MAI KL. 12.30

Theo Østerbø Alvheim  
Henrik Christian Linge Andersen  
Sondre Fjærstad Eidem  
Noah Matias Altmann Ekerhovd  
Sigri Golf  
Maryam Naderi Haugjord  
Mariell Helen Hufthammer  
Vivel Matilde Høyland  
Sindre Borgen Clementsen  
Astri Knapskog-Engeseth  
Nicklas Joel Knarvik  
Alex Dressel Kolltveit  
Mathias Emíl Rong Kårstad  
Tiril Overholdt  
Matheo Wiik Riddervold  
Filip Leander Fivelsdal Sekkingstad  
Eulalie Marie Taylor  
Timian Trovåg  
Amanda Træland  
Lars Ingebrigtsen Vadseth  
Oliver Woldseth

## FOLDNES KYRKJE

### 13. MAI KL. 10.00

Isabella Sveen Berentsen  
Johanna Algrim Bjørøy  
Ane Ruud Hansen  
Frida Morland Hansen  
Viktoria Larsen  
Victoria Meizi Fosse Marthinsen  
Victoria Mo  
Torben Oma Olsen  
Kaylee Ellingsen Pedersen  
Hannah Ramfjord  
Margrethe Storheim Sannarnes  
Noah Emil Tuv  
Malene Uthaug  
Emil Mikkelsen Vallestad  
Daniel Wasbø

### 13. MAI KL. 12.00

Mathias Marøy Algrøy  
Emilie Bygstad-Fejerskov  
Erica Maria Drønen  
Daniella Ellingsen  
Hedda Sofie Fuglebakke  
Atali Rødbotten-Gilborne  
Celina Vikne Grahl  
Ellinor Bjørnevoll Johansson  
Andrea Chantel Gavlen Johnsen  
Sander Hovland Kahrs  
Mia Melsæter Kjerstad  
Henrik Bruvik Kristoffersen

Mia Isabell Larsen  
Cristina Balduino Nilsen  
Helene Vendela Emblem Rine  
Noah Ro  
Felix Sandvik  
Levi André Skaar  
Synne Margrethe Sommerseth  
Erik Boge Storhaug

### 13. MAI KL. 14.00

Andres Blytt  
Adriano Diaz  
Cecilie Langøen  
Noah Alexander Misje  
Christoffer Myrseth  
Jakob Lie Nordvik  
Jonas Kristoffer Lie Osa  
Teodora Sebak  
Christina Solbakken  
Milla Solsvik  
Kasper Klett Straume  
Sander Johan Stølsnes  
Marie Norevik Vindenes

### 14. MAI KL. 10.30

Andreas Arefjord  
Lukas Alexander Dale  
Malin Gravdal  
Benjamin Grygier  
Casper Hansen  
Victoria Malene Furheim Heggelund

Emma Tønnessen Johansen  
Mathilde Dorthea Landlie  
Nathalie Landro  
Petronella Steimler Lundekvam  
June Felicia Mjøs  
Elias Sakslo  
Preben Saksvik  
Helene Sture  
Pernille Sørensen  
Emily Thorgersen  
Jonathan Skumsnes Torvik  
Brage Arnesen Ulveseth

### 14. MAI KL. 12.30

Joachim Angelvik  
Francisco Javier Ask Eikeland  
Thea Steien Eiknes  
Jonathan Solli Gjerstad  
Rebekka Malene Schei Halsebakke  
Mathilde Hennø  
Isak Gåsland Jakobsen  
Liv Andrea Jensen  
Caroline Sjånes Karlsen  
Sebastian Rützou Vestergaard Løvik  
Nora Kristine Mortensen Norekvål  
André Saltskår  
Marcus Frøyseth Sandtorv  
Oliver Bjørø Soriano  
Thomas Haugland Toftevåg  
Jakob Tyssøy  
Erica Myre-Knapskog

## LANDRO KYRKJE

### 6. MAI KL. 10.30

Martine Skarholm Aven  
Solveig Agate Bongom  
Aleksandra Jasulaite Christensen  
Andreas Baardsen Ekren  
Kristine Baardsen Ekren  
Arne Sømjo Djuvik Erdal  
Lukas Garlid  
Jostein Hassel  
Iver Jebsen Hoem  
Stine Lorentze Hovland Iden  
Emma Iden Johannessen  
Sofie Molvær Jørgensen  
Fredrik Nielsen Kvalheim  
Lucas Emanuel Tvedterås Kvalheim  
Hedda Langeland  
Susanne Viken Misje  
Marina Bakkelid Seim Moen  
Michelle Oliveira Nordheim  
Linea Aimée Vikne Peterson  
Henrik Thorsen

### 6. MAI KL. 12.30

Lucas Johan Angeltveit  
Rune-Leander Hagen  
Maren Harila  
Malena Haakonsen  
Even Landro Jensen  
Thomas Elias Vetaas Johannessen  
Sofie Kårtveit  
Joakim Mongstad Lambrechts  
Vegard Monsen  
Maja Nilsen  
Ida Sophie Nymark  
Charlotte Thuraisingam Olsen  
Ingrid Dale Solsvik  
Viljar Blomvågnes Strandtun  
Mateo Langeland Tellnes  
Leah Marie Trones  
Frida Økland  
Sebastian Johan Ulvedal Østrem  
Hayley Ågotnes

### 7. MAI KL. 11.00

Sebastian Torgersen Bertelsen  
Mathias Bye  
Kian Lucas Andersen Eken  
Mai Linn Finsås  
Thorstein Garlid  
Phillip Haugetun  
Tobias Helgøy  
Mathias Lynglund Johansen  
Erik Olsen Landro  
Kristoffer Misje Lien  
Amélie Torp Lombard  
Andreas Misje  
William Nymark  
Andreas Skoge  
Lena Skowronska  
Maja Skowronska  
Anna Ødegård Vik  
Sander Vindenes-Lekven  
Adrian Andre Fredriksen

## T3 Advent

Fyrste søndag i advent var det T3-dag i alle tre kyrkjene våre. Alle trearingane fekk ei vakker julebok, og etterpå var det tid for kyrkjecaffi og hobbyaktivitetar.



## T9 Tårnagent

Siste helga i januar var det «T9 Tårnagent» i Fjell kyrkje. Ca 60 unge tårnagentar myldra i og rundt kyrkja. Dei utfotska både kyrkjeskattane, tårnet, klokkene, kyrkjerommet og gravplassen. På søndagen deltok dei på gudstenesta.



# Velkommen på T-dagar!

## T5



### Den gode gjetaren

Onsdag 15. mars i Foldnes kyrkje. Fellessamling, song og smågrupper med forteljing.

## T2



### Påske

Laurdag 25. mars i Foldnes kyrkje. Vandring med Påskeforteljinga langs kyrkevegen.

## T13



### Forsoning

Laurdag 22. april i Foldnes kyrkje. Det blir mat, forsoning og aktivitetar!

Påmelding og meir info på  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

# Basar!

Laurdag 11. mars kl. 15-18  
i Landro kyrkje

Flotte gevinstar

Landro Barne-og teenskor er med

Andakt

Åresal - Barnelotteri - Trekking av loddboeker

Gratis kaffi og kaker

Inntektene går til arbeidet vi har for barn og unge i kyrkja



DEN NORSKE KIRKJA  
Landro sokn

# Jazz-gudsteneste!

SØNDAG 26. MARS  
KL. 11.00  
I LANDRO KYRKJE

### BAND:

Eline Olsen - Piano

Erlend Gjøen - Bass

Rune Landro - Saxofon

Torleiv Jarland - Trombone

Laila Linde Lossius - Vokalist

Odd Magne Johansen - Trommer

Anne Kristine Wallace Turøy - Trompet

Prest - Bjarte Nese  
Kollekt

# Konsert med Vokalgruppa Bless

Torsdag 20. april kl. 19.30  
i Landro kyrkje

Vi har med band og det  
blir allsong. Velkommen til  
ein minnerik kveld!

DEN NORSKE KIRKJA  
Landro sokn

## ANNONSAR

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Grønamyrvegen 22, 5353 Straume (Bjørøygården)

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden

Espen Polden

Heine Polden

Cathrine Polden Misje

**Døgn telefon:** 55 21 44 50 • **mobil:** 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sæter, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

**HEDER**

**SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE GRAVFERD**

**Bjørgvin**  
BEGRAVELSESBYRÅ

**Døgnvakt 55 20 23 00**  
[www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

**Fjell-ly**

**Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -  
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til  
små og store anledninger -  
Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**

**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)

**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv,  
andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**Din lokale elektriker!**

**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[vestgarelektro.no](http://vestgarelektro.no)  
[vestgar@thunestvedt.no](mailto:vestgar@thunestvedt.no)

**vipps**

Øygarden kyrkjeloge fellesråd: 82511  
Basecamp RePro: 76162

Fjell kyrkje: 80304  
Foldnes kyrkje: 76022  
Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato  
**Takk for di gáve!**

**BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75

# Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkommen til samlingar og aktivitetar!

## Foldnes kyrkje

Gudsteneste:	Dei fleste søndagar kl. 11.00. Siste søndag kvar månad, kveldsgudsteneste kl. 19.00.
Søndagsskule:	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
RAMP:	Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakveldar med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo, tlf. 478 23 425
Gospelkoret Lokal Vokal:	Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819
Treff i Foldnes:	I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
Lillelørdag:	For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten, tlf. 450 63 016
Lukas TenSing:	Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus, tlf. 920 89 740
Ungdomslørdag:	Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover.
Mannsgruppa:	Ein torsdag i månaden. Temakveldar, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
Basargruppa:	Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim, tlf. 907 29 222
Pårørendegruppe:	For pårørende til rusavhengige. Annankvar torsdag kl. 19–21. Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819

## Fjell kyrkje

Gudsteneste:	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule:	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 976 71 161
Open kyrkje:	Kvar onsdag kl 09.00-12.30
Temakveld:	Kvar onsdag kl. 19.30. Sjå kyrkja.no/fjell Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
Kveldsbøn:	Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
Tweensklubben:	Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgnehilde Lillevik Nilsen, tlf. 975 46 646
Sotra Reviderte:	For alle som vil syngje i a cappellakor, måndagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen, tlf. 922 32 815
Øygarden kyrkebrass:	Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag (oddetalsveker) kl. 19.45–21.30. Kontakt: Rune Lynglund, tlf. 408 73 642
Fjell barnekor:	Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie, tlf. 408 85 692
Fjell Vocalis:	Kvar tysdag kl. 19–21.30. Kontakt: Małgorzata Anna Tveit, tlf. 951 84 429

## Landro kyrkje

Gudsteneste:	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule:	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
Kurskveldar:	Onsdagar i kyrkjelydssalen kl. 19.30. Ein gong i månaden.
Ute-torsdag:	Kl. 18–19.30 ca. to torsdagar i månaden. Oppstart 16. mars. Ein uformell møteplass ute for alle aldrar. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
Bønefellesskap:	Kvar tysdag kl. 20.00. (på kvar vår stad). Meld bøneemne til: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
Bibelgruppe:	Kontakt: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
Landro Barnekor:	1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
Landro Teenskor:	13–18 år, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
Treff i Landro:	I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Felleskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Torunn Utvær, tlf. 922 34 648

## Kontaktinfo

### SOKNERÅDSLEIARANE

#### Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik, jorunn.gjersvik@gmail.com

#### Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

#### Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit, tove.karin@outlook.com

### KYRKJEVERJE

Annlaug Børve

473 04 530, ab766@kyrkja.no

### SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarte Nese 915 32 437

Sokneprest Maria Tveten 450 63 016

Sokneprest Per Hjemdal 411 26 549

Prostiprest Knut Kaldestad 977 24 017

Diakon Astrid Fylling 971 75 733

Diakon Torunn N. Utvær 922 34 648

## Takk!

Kyrkja i Øygarden vil takke OMYA Knarrevik Kjemiske Arbeiderforening for gāva vi fikk til jul.

## Årsmøte

#### Foldnes sokn:

**16. april etter gudstenesta kl. 11**

#### Fjell sokn:

**23. april etter gudstenesta kl. 11**

#### Landro sokn:

**23. april etter gudstenesta kl. 11**

**Årsmeldingane vert lagt ut  
to veker før årsmøte på nettsidane.**



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –

### SØNDAG 26. FEBRUAR

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp, nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 18:** Kveldsgudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til Misjonsalliansen.

### SØNDAG 5. MARS

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, nattverd, offer til søndagsskulen i Fjell kyrkje.

### SØNDAG 12. MARS

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familieguds-teneste ved Per Hjemdal, dåp. Offer til Misjonsprosjekt Thailand/Laos.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp, søndagssku-le/-ring. Besøk av DNI. Offer til DNI.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp, nattverd. Offer til eige arbeid.

### SØNDAG 19. MARS

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Erling Kopperud, nattverd, søndags-skule. Offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Petter Ekerhovd-Ottersen, natt-verd, søndagsskule/-ring, offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, søn-dagsskule. Offer til Himalpartner.

### SØNDAG 26. MARS

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal. Offer til KABB.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer til fasteaksjonen.

**Landro kyrkje kl. 11:** Jazzguds-teneste ved Bjarte Nese, dåp, nattverd, søndagsskule. Offer til fasteaksjonen.

### PALMESØNDAG 2. APRIL

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familieguds-teneste med dåp. Offer til eige arb.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familieguds-teneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til NMS Thailand/DNI Jesu døtre.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familieguds-teneste ved Bjarte Nese, dåp, offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

### SKJÆRTORSDAG 6. APRIL

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Ering Kopperud, nattverd, offer til eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsguds-teneste ved Maria Tveten, nattverd.

### LANGFREDAG 7. APRIL

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal. Vandring fra Morland til kyrka kl. 9. Ta med niste til returen etter gudstenesta.

### PÅSKEAFTAN 8. APRIL

**Fjell kyrkje kl. 23:** Påskennattguds-teneste ved Per Hjemdal, nattverd. Offer til misjonspr. i Thailand/Laos

### PÅSKEDAG 9. APRIL

**Fjell kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer til Kirkens SOS.

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Høgtidsguds-teneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd. Offer til Sjømannskirken.

**Landro kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og natt-verd, offer til misjonsprosjekt med NMS i Thailand.

### 2. PÅSKEDAG 10. APRIL

**Fjell festning kl. 12:** Frilufts-gudsteneste ved Knut Kaldestad. Øygarden kyrkjebrass spelar. Offer til Kirkens nødhjelp.

### SØNDAG 16. APRIL

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Erling Kopperud, nattverd. Offer til NLA og Menighetsfakultetet.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp, nattverd og søndagsskule/-ring. Offer til eige arbeid. Årsmøte etterpå.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og natt-verd. Offer til Tro og Medier.

### SØNDAG 23. APRIL

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp, nattverd, søndagsskule. Offer til eige arbeid. Årsmøte etterpå.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og natt-verd. Offer til Areopagos.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, søndags-skule. Offer til eige arbeid. Årsmøte med kyrkjemiddag etterpå.

### SØNDAG 30. APRIL

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og natt-verd. Offer til KRIK.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsguds-teneste ved Kjell-Asle Børnes, natt-verd. Offer til Menneskeverd.

### SØNDAG 7. MAI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Erling Kopperud, dåp, nattverd, søndagsskule. Offer til KRIK.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** TV- og radio-gudsteneste ved Maria Tveten. Søndagsskule/-ring. Offer til Musikkarbeidet i kyrkjelyden.

### SØNDAG 14. MAI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, nattverd. Offer til T-dagsarbeidet i Fjell.



## LIVETS GANG

### TORSDAG 17. MAI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familiegudsstenese ved Per Hjemdal. Offer til Sjømannskirken.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familiegudsteneste. Offer til Stefanusalliansen.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familiegudstenese ved Knut Kaldestad. Offer til Kirkens SOS.

### SØNDAG 21. MAI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familiegudsstenese ved Bjarte Nese, dåp, søndagsskule. Offer til Misjonsprosj. i Thailand/Laos .

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer til KRIK.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp, nattverd, søndagsskule. Ope offer.

### PINSEDAG 28. MAI

**Foldnes kyrkje kl. 11:** TV- og radiogudsteneste ved Maria Tveten og Per Hjemdal. Offer til Musikkarbeidet i kyrkjelyden.



Sjå oversikt over konfirmasjons-gudstenestene på s. 16-17.

Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på nettsidene:

[WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN](http://WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN)

### DØYPTE

#### Fjell kyrkje

22.10.2022	Sarah Emilie Breivik Garmannslund
19.11.2022	Lennox Ekerhovd Skarholm
Eline Sæle	
Karl Johannes Emblem	
27.11.2022	Marie Westby
Lukas Ekerhovd	
11.12.2022	Lilly Landro
Ingrid Nordvik	
08.01.2023	Eveline Olsen Landro
Mathilde Eide Langedal	
22.01.2023	Oscar Fosse Sandal
Tuva Ahnèll-Nygaard	
Madelen Bakkelid Eide	

#### Foldnes kyrkje

20.11.2022	Ida Rokne
27.11.2022	Kristoffer Helgesen
Chanice Anyango	
26.12.2022	Amine Isager Pedersen
07.01.2023	Eivor Kravdal
Emily Marthinussen	
Mathilde Terwindt	
22.01.2023	Hedvig Håkonsund Jensen
Sivert Foldnes	
Hedda Bårtvedt Hansen	

### DØDE

#### Fjell kyrkje

Kjellaug Ekren	f. 1929
Margit Helle	f. 1941
Astrid Norun Nesse	f. 1936
Gustav Erling Lillebø	f. 1931
Helga Syltøy	f. 1926
Oddveig Lillian Karlsen	f. 1949
Tone Beate Nøkling	f. 1967
Jan Bornhøft Christiansen	f. 1957
Jan Aage Sundal	f. 1947
Kristine Tautra	f. 1931
Astrid Norunn Nesse	f. 1934
Magnhild Aslaug Skoge	f. 1929
Bjørn Atle Hovland	f. 1950
Kurt Martin Sewe	f. 1938
Erling Berge	f. 1937
Helge Karsten Nilsen	f. 1943

#### Foldnes kyrkje

Aud Marit Samsonsen	f. 1943
Else Lavik	f. 1946
Gerd Elisabeth Eide	f. 1938
Rudolf Gregory Rufus	f. 1938
Solveig Bildøy	f. 1932
Hildur Arefjord	f. 1937
Aud Gunvor Eltvik	f. 1942
Helga Nordvik Sture	f. 1926
Molly Sandtorv	f. 1939
Reidar Johan Ågotnes	f. 1949
Else Espetvedt	f. 1938

#### Landro kyrkje

Albert Leif Turøy	f. 1936
Klara Hillborg Lynglund	f. 1930
Asbjørn Angeltveit	f. 1948
Håkon Kåre Solsvik	f. 1935
Bjørn Elias Landro	f. 1956
Torbjørg Kirsten Misje	f. 1935
Emil Dyrøy	f. 1946
Arthur Reidar Eide	f. 1924
Ingar Hansen	f. 1944

Vår Herre Jesus Kristus seier

"Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26



Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

# Barne kryssord



## Vannrett:

1. Èn juster
5. Simple
6. Guttenavn
7. Ikke på
8. Lars Monsen
9. Pålegg
11. Jentenavn

## Loddrett:

1. Skinn
2. Jentenavn
3. Renne over
4. Gjøre ren
5. Rovdyr
7. Narr
10. Sivbåt

Bli med i trekninga  
av hamburger med  
drikke og dessert for  
4 personar på Burger  
King Sartor!



Send inn kryssord til:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord  
Frist: 2. mai

Vinner av Barnekryssord  
i nr. 5 – 2022:  
Matilde Holmen  
frå Brattholmen

Namn.....

Adresse.....



## FASTEAKSJONEN 26. MARS

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest. Støtta frå deg reddar liv.



## Vipps til 2426

[www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)